

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/162	18/4854

Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan for Bø - arbeidsmøte - gjennomgang av merknader til 1 gong offentleg høyring og ettersyn

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Etter at framlegg til områderegulering for Bø vart handsama vart det vedteke å gå vidare med planen som ein kommunedelplan. Framlegg til kommunedelplan vart utarbeidd og lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i tida 6/11-17 til 27/12-17, med nokre utvidingar av merknadsfrist. (Om lag 15/1-18).

Tidleg i høyringsperioden vart det halde folkemøte om planframlegget på Bø barneskule 5/12-17. På møtet vart bakrunnen for planen gjennomgått. Prosessen gjennom områderegulering til kommunedelplan og den nyleg utførte strandsoneanalyse vart presentert. Det kom fram mange merknader til planframlegget og mange var usamdi i dei vurderingane som strandsoneanalyse legg opp til. Dette viser også talet på merknader som er kome inn i samband med offentleg høyring og ettersyn. Det er i alt kome inn 33 merknader, då medrekna eit samla innspel frå ei større gruppe innbyggjarar.

Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune har motsegn mot planen. Planavdelinga har vore i møte med Fylkesmannen i Hordaland der utfordingane omkring planframlegget og motsegnene vart diskutert. Statens Vegvesen var også med på møtet.

Vurdering

Motsegnene i høve til planframlegget må løysast. Fylkeskommunen knyt dette særskild til plankrav. Dei vil ha større grad av plankrav for å sikre at undersøkingsplikta i høve til kulturminnelova §9 vert fulgt opp. Fylkeskommunen har også motsegn til at bustadområde B04 er så tett opp mot kyrkje og gravplass.

Statens Vegvesen vil ha strengare rekkefølgjekrav i høve til trygg skuleveg frå nye bustadområde. Dei har også motsegn knytt opp mot byggjegrense langs fylkesvegen. Dei vil ha 3 Om byggjegrense.

Det er kome inn mange private innspel frå innbyggjarar og grunneigarar i området. Dette viser stort engasjement for utvikling av planområdet. Merknadene vil vurderast i høve til nytt planframlegg.

Konklusjon

I vedlagt merknadsliste er merknadene kommentert av rådmannen. Prioritering av merknader og eventuelle endringar skal endeleg vedtakast av styringsgruppa (formannskapet).

Rådmannen vil vidare justere planframlegget og fremja saksframlegg for eventuell 2. gongs offentleg

høyring og ettersyn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Radøy - 023/2018

FS - handsaming:

Formannskapet var på synfaring i planområdet på Bø, der aktuelle merknader til kommunedelplanen vart orientert om.

Etter synfaringa gjekk formannskapet gjennom dei ulike merknadane, og gav som styringsgruppe signal om vidare oppfølging i planarbeidet.

Etter styringsgruppa (formannskapet) si handsaming av kommunedelplanen, ligg det føre merknadsskjema med kommentarar både frå rådmannen og frå formannskapet (lagt inn som vedlegg i saka - jp 18/6307).

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg til vedtak:

Administrasjonen arbeider vidare med kommunedelplan på Bø på bakgrunn av signal frå styringsgruppa.

FS - vedtak:

Administrasjonen arbeider vidare med kommunedelplan på Bø på bakgrunn av signal frå styringsgruppa.

Vedlegg:

Merknadsskjema